



Voss - bygd for syklistar? Debatt i Voss bibliotek 25.03.35



Foto: Visit Voss

Innleiing

Voss er full av entusiastiske syklistar, trass i ein infrastruktur som i liten grad spelar på deira lag. Kva grep må me ta for å gjera det tryggare og kjekkare å vera syklist i Voss herad? Det spørsmålet stiller me oss i samband med revideringa av kommuneplanen.

Panelet som 25. mars fekk i oppgåve å svara på spørsmålet bestod av heilårssyklist Bart van Schendel, ordførar Tonje Ljones Såkvitne, Bjørg Lirhus Ree frå Voss herad (med trafikktryggleikshatten på), og Anders Hegland Lauritzen frå Voss sentrum.

Voss har også eit levande friluftsmiljø og mange som vil utforska naturen på to hjul. Me har nokre aktørar som driv guida sykkelturneringar i terrenget, og mange som sykklar rundt åleine. Samtidig har me rundt 35 000 dyr på beite kvar sommar, og me har villrein som er veldig sårbare for menneskeleg påverknad. Skal det vera greitt å sykla overalt – også i fjella?



I dette panelet sat leiar i Voss bondelag Bjørnar Nedkvitne, landbruksrådgjevar i Voss herad Inger Marie Hernes, dagleg leiar i Voss Utferdslag Margrethe Alm og Marcio Franco frå Outdoor Norway som driv sykkelturnisme.

Tor Halvorsen losa oss gjennom kvelden og banksjef i Rune Herheim – aktiv syklist og arrangør av sykkelaktivitetar – fortalde kva han meiner er bra og dårleg med å vera syklist på Voss.

I pausen hadde publikum høve til å bruka gule lappar på kart for å visa kvar i heradet forholda for sykling er gode og kvar dei bør forbedrast.

Kva er bra og kva er dårleg ved å vera syklist på Voss? ved Rune Herheim

- Som arrangør av sykkelarrangement opplever ein mykje positivitet frå alle kantar; verksemdar, grunneigarar, privatpersonar, heradet, politiet, fylket osv.
- Som syklist er det svært positivt at me har mange stølsveggar, i tillegg til gode og varierte sykkelområde som Bømoen (terrengsykling), Vangsvatnet (både mtp. trening og familieturar) og gang- og sykkelveg til Skjervet.
- Enkelte utfordringar: i) manglande link mellom Tvildemoen og Palmafossen, ii) grus og glasbrot på gang- og sykkelveg og fortau, og iii) hol, dårleg asfalt og andre småskadar.

Oppsummering av debatten

Tema 1: Sykkelvegane som ikkje heng saman – kvifor er det slik?

Panelet: Heilårssyklist Bart van Schendel, ordførar Tonje Ljones Såkvitne, Bjørg Lirhus Ree frå Voss herad (med trafikktryggleikshatten på), og Anders Hegland Lauritzen frå Voss sentrum.

Innleiingsspørsmål:

- Til Bart: korleis påverkar sykkelvegstandarden di sykling?
Sykkelvegnettet er ikkje heilskapleg. Mykje opp og ned frå fortauet, og sykklar difor mest i vegen. Det er også nokre flaskehalsar.
- Til Anders: kva betyr sykkel for din bransje/ Voss sentrum.
Det er positivt at parkeringsgraden går ned. Syklane må i større grad stå trygt. Ikkje så verst sykkelnettverk i dag.
- Til Bjørg: Kvifor heng ikkje sykkelvegane på Voss saman?
Me er eit knutepunkt for veg, utvikla over mange år. Dette kan vera noko av årsaka til at det er så lite sykkelveggar. Politikarane ønskte ikkje i Vossapakko å nedprioritera parkering til fordel for sykkel.
- Til ordførar: Kvifor byggjer ikkje Voss herad samanhengande sykkelveggar?
Me har ein infrastruktursom ikkje inviterer til dette. Litt av årsaka er at me er fleire eigarar inne – dvs. både fylke og stat i tillegg til heradet. Trur at politikarane i dag er meir positive til sykkelveg, og at sykkelveg kanskje hadde trumfa parkering i dag.



- Anders: Lyt tilretteleggja betre for syklistar – og syklistane lyt «oppføra seg» i sentrum, dvs. ta omsyn til dei andre i trafikkbiletet. Trur befolkningsvekst i sentrum vil pressa fram syklistar.
- Ordførar: Har tru på at me kan sameksistera betre og at dei som ynskjer å koma til regionsenteret vårt skal kunna gjera dette uansett om dei kjem med bil, tog eller sykkel.
- Om Brynagjelet (Björg): Dessverre vart satsinga i Brynagjelet for dyr (løysing til 100 mill. kr) og no vil korkje fylke eller Statens vegvesen prioritera dette. Regjeringa seier sjølv i NTP at sykkeltilrettelegging lyt prioriterast i dei store byane. Føringane frå NTP heng ikkje saman med realitetane.
- Ordførar: Voss herad bør kikka nærare på kva grep og ev. insentiv me kanta tak i for at Voss kan bli «Sykkelbygda Voss». Korleis stimulera til meir sykkel? Infrastruktur? Sykkelparkering?
- Bart: Oppmodar om å ta fatt i «flaskehalsane».
- Anders: Berre kundegrundet er på plass kan me restarta Vossabike og leggja meir til rette for delingskultur elles.
- Ordførar: Me kan sjå nærare på korleis oppgradera sykkelinfrastruktur som ikkje er så kostbar, sjå på korleis me kan finna andre løysingar som me ikkje nødvendigvis me har tenkt på før. Ikkje henga oss opp i det som me ikkje får til – som Brynagjelet.
- Björg: Veggen vidare: trafikksikringsplanen eit godt verktøy i vidare arbeid, denne skal reviderast neste år. Søkjer midlar for å matcha eigne midlar og få til ting etter kvart.

Tema 2: Skal det vera greitt å sykla overalt – også i fjella?

Panelet: Bjørnar Nedkvitne, Bondelaget, landbruksrådgjevar i Voss herad Inger Marie Hernes, dagleg leiar i Voss Utferdslag Margrethe Alm og Marcio Franco frå Outdoor Norway som driv sykkelturnisme.

- Bjørnar: Eit problem er skadane ferdsla med sykkel fører til på eigedomen. Erfarar at spora kan laga renner som fører meg seg vatn til dømes.
- Margrethe: Utferdslaget har ikkje som primæroppgåve å leggja til rette for sykling. Men, ser at stadig fleire ynskjer sykla som del av friluftslivet og det er bra for folkehelsa.
- Marcio: Sykkelturisme. Dei prøver å informera alle som leiger sykklar godt om kvar dei kan sykla og korleis dei bør te seg i terrenget.
- Inger Marie: Heradet jobbar ikkje systematisk med sykkel i terrenget. Tar situasjonane som oppstår etter kvart – her har heradet ikkje noko formell rolle då det er allemannsretten som gjeld. Heradet vert fyrst kopla på når det er konflikt mellom grunneigarar og sykkelturnisme. Det



er behov for å lyfta temaet i arbeidet med Strategi for besøksforvaltning. I sti- og løypeplanen står det at ein ikkje skal opparbeida fleire tilrettelagde sykkelstiar. Kanskje heradet kunne ha spurt grunneigarar om det er nokon som ville ha tilrettelegging hos seg?


- Margrethe: Ser at auka bruk av naturen gjev auka slitasje. NINA har forska litt på dette, og funna deira er at slitasjen, særleg i vått terreng, er ulik når det gjeld fotturistar og sykkelturistar. Nøkkelen vil vera å tilretteleggja gode stiar for terrengsyklistar. Her er det utfordringar knytt til beitedyr, andre (fot)turistar – og kanskje villrein på snaufjellet. Difor viktig med godt samarbeid aktørane imellom.
- Bjørnar: Litt meir tilrettelegging er bra, men ikkje alle grunneigarar ynskjer å tilretteleggja. Alle bør uansett ta omsyn til beitedyra, og ha meir kunnskap om korleis ein skal oppføra seg på utmarka slik at ein ikkje skremmer dei vekk.
- Margrete: Allemannsretten er vel og bra, men her høyrer også allemannsplikten e til. Viktig med informasjon.
- Marcio: Ynskjer tettare samarbeid med alle relevante aktørar. Samarbeider ikkje eigentleg så mykje med grunneigarane i dag, men ynskjer dette velkomen i framtida.
- Inger Marie: Viss ein skal tilretteleggja meir for sykkel, bør det kanskje vera i eksisterande anlegg (Bavallen, Myrkdalen og Voss ski- og tursenter).
- Bjørnar: Bra med dialog og kommunikasjon tidleg, og ein kan alltid diskutera ting. Godt å vera i forkant, dvs. før det vert konflikt; då vert ting fort fastlåst. Men meiner at ein lyt akseptera at somme grunneigarar seier nei, då dei rett og slett ikkje ynskjer aktivitet i utmarka si.
- Inger Marie: Heradet kan vera behjelpeleg med å syna til kva grunneigar som skal kontaktast i dei ulike tilfella.



Korleis arbeider heradet med sykkel?

Heradet jobbar med tre hovudfokus: Sykkelparkering – infrastruktur for sykkel – haldningsskapande arbeid

Kart over positive og negative sykkelstader

I pausen vart publikum oppmoda om å hengja lappar på kart over heradet for å visa kvar det vert opplevd som positivt, trygt og kjekt å sykla, og kvar i heradet det kjennest utrygt og lite tilrettelagt for sykkel:







Bilete frå debatten



Frå venstre: Marcio Franco, Bjørg Lirhus Ree, Bart van Schendel, Tonje Ljones Såkvitne, Margrethe Alm, Tor Halvorsen, Inger Marie Hernes, Bjørnar Nedkvitne, Anders Hegland Lauritzen, Rune Herheim.



Frå venstre: Marcio Franco, Inger Marie Hernes, Margrethe Alm, Bjørnar Nedkvitne, Tor Halvorsen.



Frå venstre: Lina Hamre og Tor Halvorsen.